



Elin Enes og Silvia Tofte byr fram Elins matgleder...

I kveld har den årlege innflyttarsamlinga funne stad i Rosendal for fjerde gong og kommunen og Kvinnherad Næringservice har all ære av arrangementet. På eit år har rekordmange flytta inn, faktisk så mange som 413, og ein fjerdedel eller 103 av dei kom til tilstelninga. Berre ein av dei 24 som har slege seg ned i Uskedalen var blant dei, men ein uskedeling gjorde seg sterkt gjeldande: Elin Enes sørga for at det og vart ein matfest eller kanskje heller ein matglede. Det tok ikkje lang tid før fata med delikat fingermat var tømt.

Elin opplysar til uskedalen.no at ho opnar verksemda på Feet om 2-3 veker, men sjølve innvigningsfesten vil ikkje finna stad før i november.

Ho vart introdusert av ordførar Synnøve Solbakken, som vart glad av å sjå på det flotte målarstykkjet på bygningen. Elin innrømte at økonomien vart problematisk då ho starta verksemd i heimbygda sist.

- Då sa eg til meg sjølv at eg ikkje skulle freista att, men no står eg her, sa den entusiastiske mat-misjonæren.

Ho var svært glad for all hjelp ho har fått, også frå kommunalt hald.

Eit høgdepunkt under desse samlingane er trekninga av 10 000 kroner frå Noreq og 10 000 kroner frå kommunen og denne gongen vann Karna Langeland Bakke prisen til den ekspansive Husnes-verksmda. Ho har flytta heimatt til Gjetingsdalen. Kommunepreisen gjekk til 8-åringen Aidan Magnus Collins som har flytta frå London til Sandvoll.

Ellers var det eit program der 3 frå kulturskulen presenterte seg og ordføraren

kommenterte byggeverksemda på Husnes med å håpa at nybygget kjem heile kommunen til gode når det opnar utpå nyåret. Det var og presentasjon av turlagets tilbod og Kvinnherad Næringssservice.

Ordføraren gav ein brei orientering om kommunen og kva den kan stå til teneste med. Ho uttrykte glede over at folketalet aukar og at tiltak for å få det til å auka har vore vellukka.

Tekst og foto:Ola Matti Mathisen



Dei vann 10 000 kvar, Karna og Aidan